

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Førebuing til § 25-møtet

Framlegg til vedtak:

1. Det blir sett ned ein namnekomité som skal gjennomføre prosessen med å kome med framlegg til namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Oppnemning skjer i eigen sak.
1. Saksførebuaende utval får fullmakt til å:
 - a. Kontakte fylkesmannen for å avklare stad og tidspunkt for §25 møte. Den praktiske gjennomføringa blir også avklara med fylkesmannen. Fellesnemnda blir informert i eigen sak.
 - b. Kontakte Kontrollutvalssekretariatet for kommunane for å sette i gang ein prosess for val av revisor til fellesnemnda

Førebuaende fellesnemnd - ny kommune - 010/17

FELLES - behandling:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - vedtak:

1. Det blir sett ned ein namnekomité som skal gjennomføre prosessen med å kome med framlegg til namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Oppnemning skjer i eigen sak.
2. Saksførebuaende utval får fullmakt til å:
 - a. Kontakte fylkesmannen for å avklare stad og tidspunkt for §25 møte. Den praktiske gjennomføringa blir også avklara med fylkesmannen. Fellesnemnda blir informert i eigen sak.
 - b. Kontakte Kontrollutvalssekretariatet for kommunane for å sette i gang ein prosess for val av revisor til fellesnemnda

Saksopplysningar:**Samandrag:**

I inndelingslova er det fastlagt ein felles modell for korleis ein skal gjennomføre prosessen i samband med samanslåing av kommunar. Eitt av trinna i prosessen er eit felles møte mellom kommunestyra og fylkesmannen. Dette møtet blir skildra i §25 i inndelingslova. Den same paragrafen slår også fast kva for saker ein skal behandle i møtet. For samanslåinga av Lindås, Meland og Radøy er dei fleste av desse forholda allereie avklara i den vedtekne intensjonsavtalen. Det som står att i forkant av møtet er å bli einige om namn på den nye kommunen og om val av revisjonsordning for verksemda til fellesnemnda. Som framlegg til vedtak tilrår vi at det blir sett ned ein komité som reier ut om og føreslår namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Dette må vidare til endeleg behandling i kommunestyra i dei eksisterande kommunane. Vidare skal det før møtet vere klart kven som skal revidere verksemda til fellesnemnda. Innstillinga til dette valet skal kome frå kontrollutvala i dei eksisterande kommunane.

Saksutreiing:

Det følger av § 25 i inndelingslova at ein skal behandle følgande saker i møtet som blir gjennomført etter denne paragrafen:

- a. Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b. Talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c. Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e. Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Bokstavane b), c) og e) er behandla i intensjonsavtalen som kommunestyra allereie har vedteke, slik at:

Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. (Bokstav b)

Fellesnemnda [...] skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda.

Medlemmane [i fellesnemnda] vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra.

Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane. (Bokstav c)

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar. (Bokstav e)

Det står dermed att å førebu ivaretakinga av bokstav a) framlegg til namn og d) val av

revisor.

Vurderingar:

Ein bør snarast setje i gong prosessar for å kome med framlegg til namn på den nye kommunen og velje revisjonsordning for verksemda til fellesnemnda.

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.